

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 11.06.2014  
Vår ref.: 2014/14645-23  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.: «REF»

## Svar på søknad om mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane

I samband med utarbeidinga av ny *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* vart det etablert ei ny tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak som kommunane kunne søkje på. Ordninga kan finansiere inntil 70 pst av tiltaket, og krev med det ein eigenandel på 30 pst frå kommunen. Det kom inn 24 søknader fordelt på elleve kommunar, og den totale søknadssum var på 2,4 mill kr (70 pst). Fylkestrafikk-sikringsutvalet i Hordaland (FTU) har no handsama saka, og gjort følgjande vedtak:

1. Askøy kommune vert tildelt 160.000 kr i tilskot til av/påstigningslomme ved Strusshamn skole.
2. Bømlo kommune vert tildelt 105.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak ved Buhammarvn./Skiftesvn.
3. Eidfjord kommune vert tildelt 56.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak ved Lægreidsv./Kyrkjev./Skulev.
4. Lindås kommune vert tildelt 66.500 kr i tilskot til gjerde på Krossleitet og fartshumpar i Kolåsvn.
5. Os kommune vert tildelt 155.458 kr i tilskot til opphøgd gangfelt i Kolskogheiane/Industrivn.
6. Osterøy kommune vert tildelt 120.000 kr i tilskot til to trafikksikringstiltak i Lonevåg.
7. Stord kommune vert tildelt 175.000 kr i tilskot til fotgjengartiltak i Sætravikkr./Tjødnalio.
8. Sveio kommune vert tildelt 12.800 kr i tilskot til fartshumpar i Hovåsvn.
9. Sund kommune vert tildelt 63.700 kr i tilskot til fjellsikring på Skoge.
10. Voss kommune vert tildelt 140.000 kr i tilskot til fartsdempande tiltak i Gullfjordungvn. og på Tvildemoen.
11. Kvam herad vert tildelt 28.000 kr i tilskot på til bom og skilting i Øystese.

Alle kommunane som søkte om tilskot har fått tilsegn, og tre av desse har fått tilsegn til to tiltak. Alle tiltaka har fått løyve om tilskot på 70 pst av totalkostnaden, slik det går fram av søknadane, noko som inneber ei total tilskotsråme på 1,082 mill kr (70 pst). For alle tiltaka som har fått løyving er det opplyst at dei kan gjennomførast innan hausten 2014, og utbetaling vil difor skje så snart tiltaket er ferdigstilt. Dersom tiltaket ikkje vert ferdigstilt i 2014 må vi ha melding om dette i god tid før nyttår. Vidare vert tilskot gjeve under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføre kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknaden og vedtaket.

Vi viser elles til vårt utlysingsbrev av 27.03.14 vedkommande utbetalinga av tilskotet, og ber dykk særleg å merke dykk følgjande punkt:

- Tilskotsmottakar er ansvarleg for overskridingar på tiltaket utover kostnadsoverslaget i inngått avtale. Ved eventuell kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadene.
- Dersom ikkje tiltaket vert ferdigstilt, må kommunen senda melding om ferdigstillingsdato (maksimalt til påfølgjande år).

- Plikt til tilskotsmottakar om å underrette fylkeskommunen dersom nokre av føresetnadene for gjennomføring (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig) ikkje let seg gjennomføre etter føresetnadane.
- Krav til rapportering. Dokumentasjon av tiltaket og prosjektrekneskap.
- Atterhald om at fylkesrevisjonen kan setje iverk kontroll med at tilskotet er nytta slik som føresett.
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar, eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane